

Bergen, 06.04.21

Vår ref: 2021/229
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 2020/1887-156

Kvinnherad kommune

Kvinnherad, Husnes industriområde og Risnes – oppstart planarbeid Grøn næringspark

Viser til brev av 16.02.21, med vedlegg, frå Kvinnherad kommune om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Grøn næringspark

Planarbeidet omfattar tre gjeldande detaljreguleringsplanar, samt eit uregulert landområde i aust. Detaljreguleringa for industriområde Stripo Husnes (planid 20120024), vedteke i 2014, legg til rette for nytt næringsareal og kaiområde på fylling i sjø. Detaljreguleringa for Husnes



industriområde, vedteke i 1997, legg òg til rette for utfylling i sjø, som er utført. Ein kan ikkje sjå at det er tenkt ytterlegare tiltak i tilknytning til sjø.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert område for passive og aktive fiskereiskap i sjø i reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ved utfylling i sjø føreset ein at arbeidet blir gjennomført på ein måte som hindrar mest mogeleg partikkelspreiing og at det er reine massar som blir nytta. Det må setjast inn tilstrekkeleg avbøtande tiltak for å hindre spreining av forureina massar og hindre at massane glir ut frå fyllingsområdet.

Ein føreset elles at tiltak og utslepp frå området ikkje vil ha negativ innverknad på det marine miljø og matsikkerheita. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo
Dagleg leiar


Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Statsforvalteren i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Frå planprogram for områderegeringa